



Barne- og Familiedepartementet
Martin Hill Oppegaard
Postboks 8036 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

20/206 - 4 / GUST

Dato:

24.09.2020

Høyringsvar på utkast til ny forskrift om økonomiforvaltinga i sokn i Den norske kyrkja

Forskriftsutkast

Time kyrkjelege fellesråd ønskjer å understreke betydninga av nærleik til og forankring av lokalkyrkja opp mot kommunen. God dialog mellom kommune og lokalkyrkje inneber moglegheit for god forståing og verdsetting av lokalkyrkjelege tiltak i nærmiljøet - finansielt støtta av kommunen. Det er difor gledeleg at Den norske kyrkja sine lokale einingar fortsett skal få si hovedfinansiering frå kommunen.

Ein vil òg understreke betydninga av at same rekneskapsprinsipp vert nytta av Den norske kyrkja sine lokale einingar som mottakar av tilskot, som kommunen som løyver midlane. Andre løysingar vil kunne føre til unødige misforståingar, unødig tidsbruk og forvanska samhandling. Bruk av dei kommunale rekneskapsprinsippa og formuleringar som i utstrakt grad legg regelverket opp mot kommunale reglar vert støtta.

Alternative fristar og alternativ arbeidsfordeling

Dagens forskrift inneber fristar for avlegging av årsrekneskap, årsberetning og handsaming som er så knappe at svært mange sokn og fellesråd ikkje overheld desse. Ei forlenging av fristane i retning av det kommunale og i tråd med utsendt alternativ vert støtta.

Justering av myndighetsføresegnene i tråd med kommunesektoren sine føresegner, slik at administrativ leiar fastset rekneskap og årsberetning, vert støtta.

Ein anser det som ein klar fordel at revisjonsrapporten følger med når råda skal gjere sine vedtak. Her vil me igjen understreke verkanden og viktigheita av å ligge tett opp til dei kommunale føresegnene, og dette vert òg støtta.

Neste etappe – kva deler av forskrift om økonomiforvalting for Den norske kyrkja lokalt skal Kirkemøtet gi

Økonomiforvalting og føring av rekneskap handlar ikkje om intern organisering av kyrkja, men er relevante med tanke på korleis ein opptrer utad i samfunnet og ovanfor eksterne partar. Reglar for økonomiforvaltinga vil i stor grad ha følgjer for aktører utanfor kyrkja, som for eksempel rekneskapsførarar og revisorar og ikkje minst kommunane.

Rekneskapsprinsippa og operasjonalisering av desse bør henge nært saman med dei reglar som hovudløyvande myndighet nyttar. Både forskrift som omhandlar Rekneskapsprinsipp, operasjonalisering av desse og rekneskapets funksjonsinndeling bør difor fastsetjast av departementet.

Det er samstundes viktig å understreke viktigheita av at departementet òg i fremtidige endringar og justeringar av forskriftane på økonomiområdet, legg vesentleg vekt på synspunkt og innspel frå relevante kyrkjelege instansar.

Med helsing

Gunnar Bjorland Stone
Kyrkjeverje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur